



DET KONGELEGE  
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølge liste

Deres ref  
15/11513-5

Vår ref  
15/3497-

Dato  
04.07.2016

**Klima- og miljødepartementet si godkjenning av regional plan for vassforvaltning i vassregion Sogn og Fjordane for planperioden 2016-2021**

**1. Innleiing**

*1.1. Vassdirektivet, vassforskrifta og vassforvaltingsplanane*

Klima- og miljødepartementet har motteke *Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion* for planperioden 2016-2021 til godkjenning.

Planen er ein regional plan utarbeidd etter plan- og bygningslova og vassforskrifta, og vart vedteken i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Buskerud 10. desember 2015, i Hordaland 8.-9. desember 2015, og i Oppland og Møre og Romsdal 8. desember 2015. Planen vart send over til departementet for godkjenning 21. desember 2015.

Det følgjer av vassforskrifta § 29 at vassforvaltingsplanane skal godkjennast av Kongen. Kongens myndigheit til å godkjenne regionale vassforvaltingsplanar er delegert til Klima- og miljødepartementet ved kongeleg resolusjon 19. juni 2015. Samtidig blei myndigheita etter plan- og bygningslova kapittel 8 for handsaming av dei regionale vassforvaltingsplanane overført frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Klima- og miljødepartementet. Godkjenninga skjer i samråd med dei departementa dette vedkjem.

Vassforskrifta blei fastsett i 2006 som ei gjennomføring i norsk rett av EUs Rammedirektiv for vatn frå 2000. Forskrifta er heimla i plan- og bygningslova, vassressurslova og forureiningslova. Vassforskriftas formål er å verne, og om naudsynt betre,

tilstanden i ferskvatn, grunnvatn og kystvatn. Vassforskrifta set rammer for fastsetjing av miljømål som best mogeleg skal sikre eit heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane. Det generelle målet i vassforskrifta er at alle vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand, og miljømåla skal i utgangspunktet nåast innan 2021. Ein vassførekomst kan peikast ut som kunstig eller sterkt modifisert som følgje av fysiske inngrep på nærare fastsette vilkår. For kunstige og sterkt modifiserte vassførekomstar er miljømålet godt økologisk *potensial* og god kjemisk tilstand. For å oppfylle miljømåla, skal det utarbeidast tverrsektorielle forvaltingsplanar og tiltaksprogram.

Forskrifta inneheld òg reglar om unntak frå miljømåla, slik som fristutsetjing, mindre strenge miljømål og høve til å tillate ny verksemd sjølv om dette fører til at miljømåla ikkje blir nådd eller at tilstanden blir forverra dersom gitte kriterier er oppfylte. På bakgrunn av ei vurdering av miljøtilstanden i vassførekomstane skal det fastsetjast konkrete mål for kvar einskild vassførekomst, medrekna om det er behov for fristutsetjing eller mindre strenge miljømål. I tillegg skal eventuelle andre miljømål, under dette miljømål for beskytta område, også nåast.

Då vassdirektivet blei teke inn i EØS-avtalen blei det vedteke at forvaltingsplanarbeidet i Noreg skulle synkroniserast med EU-landas andre planperiode, som begynte i 2016. I perioden 2010-2015 gjennomførde Noreg ein frivillig prøveperiode med forvaltingsplanar for omlag 20 prosent av vassførekomstane ("pilotplanane"). Dei første vassforvaltingsplanane som Noreg formelt er pålagt til å utarbeide etter direktivet blei vedtekne i fylkestinga i 2015, og denne planen er ein av desse.

### *1.2. Generelt om departementet si godkjenning av planen*

Det følgjer av vassforskrifta § 29 at departementet i samband med godkjenninga kan fastsetje slike endringar i planen som "finnes påkrevd ut fra hensynet til rikspolitiske interesser". Dette inneber at departementet i godkjenninga skal vurdere planen i eit nasjonalt perspektiv og sjå til at planen er i samsvar med nasjonal politikk, under dette krava i vassforskrifta og nasjonale føringar. Departementet tek i si handsaming av planen stilling til eventuell usemje om planen i vassregionutvalet, jf. vassforskrifta § 26.

Krava i vassforskrifta om kost-nyttevurderingar er i svært liten grad følgd opp i dei regionale vassforvaltningsplanane. Departementet godkjenner likevel planane utan at dei naudsynte endringane er gjort fullt ut for at planane skal være i samsvar med vassforskrifta (sjå likevel særskilde vurderingar og endringar på vasskraftområdet). Dette inneber at vidare bruk og gjennomføring av planane er hefta med stor uvisse, og at det på ordinær måte skal gjennomførast ei kost/nytte-vurdering for kvart einskild tiltak som er tenkt å bidra til oppfølging av planane. Departementet understrekar at vurderinga av kvart einskild tiltak blir gjort av sektormyndigheitane på vanleg måte gjennom eksisterande lovverk.

Vassforvaltingsplanen er endeleg når sentral godkjenning frå departementet ligg føre. Den framlagte planen vedteken av fylkestinget, og departementet sitt vedtak om godkjenning utgjer til saman endeleg godkjend plan. Den nasjonale godkjenninga har medført endringar i den regionale planen. Tiltaksprogram, handlingsprogram og overvåkingsprogram er ikkje gjenstand for godkjenning, og det er difor ikkje teke stilling til innhaldet i disse dokumenta i departementet si godkjenning.

### *1.3. Den juridiske verknaden av godkjend plan*

Når den regionale vassforvaltningsplanen er godkjend, skal den leggjast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2. Planvedtaket forpliktar offentlege myndigheiter til å søke å følgje opp og gjennomføre planen. Planen vil vere eit innspel til statleg planlegging og eit grunnlag for vidare tiltak, budsjett og enkeltvedtak. Forpliktinga gjeld både for kommunar, statlege organ og regional myndigheit. Dei regionale vassforvaltningsplanane har ikkje direkte rettsverknad ovanfor den einskilde innbyggjaren.

Med uttrykket "legges til grunn" er ikkje meint at planen fører til absolutte forpliktingar av rettsleg art. Planen er likevel eit grunnlag for å reise motsegner til planforslag som kan ha rettsleg binding. Andre myndigheiter, organisasjonar eller enkeltpersoner vil ikkje kunne reise rettslege krav mot noko myndigheit på grunnlag av det som står i ein regional plan.

Både føresetnader og andre tilhøve vil kunne endre seg etter at planen er vedteken. Det kan òg oppstå situasjonar eller komme fram ny eller meir presis kunnskap i enkeltsaker som planen ikkje har fanga opp. Slike tilhøve kan tilseie andre løysingar enn det som følgjer av planen. Det må liggje føre endringar i føresetnadene, som oppdatert kunnskap, eller andre særskilde grunner for å fråvike ein plan som er vedteken. Dette kan gjere det naudsynt å endre eller gjere unntak frå det fastsette miljømålet for neste planperiode.

Då Stortinget samtykka til å ta vassdirektivet inn i EØS-avtalen, blei det presisert at ansvaret til involverte myndigheiter for lovverk og verkemiddel ligg fast i tråd med eksisterande ansvarsfordeling, og at heimlane for å gjennomføre dei miljøforbetrande tiltaka er nedfelte i eksisterande lovgjeving. Vassforskrifta set rammer for vassforvaltninga, men ho endrar ikkje gjeldande ansvarsdeling mellom dei ulike sektormyndigheitene. Det er sektormyndigheitene som, innanfor sine ansvarsområde, har ansvar for å utgreie tiltaka og premissane for fastsetjing av miljømål. Dei godkjende miljømåla føreset etterfølgjande vurdering og eventuelt vedtak om tiltak av sektormyndigheitene.

#### *1.4. Forholdet til naturmangfaldlova*

Departementet meiner at vassforvaltningsplanen vil bidra til å ta vare på forvaltningsmåla for naturtypar, økosystem og arter i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Det følgjer av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit, og at vurderinga av prinsippa skal gå fram av vedtaket. Krav til kunnskapsgrunnlaget i § 8 blir oppfylt gjennom arbeidet med karakterisering. Forvaltningsplanen legg økosystemtilnærming til grunn, og er slik sett i samsvar med naturmangfaldlova § 10. Førre var-prinsippet i § 9, prinsippet om at kostnadene ved miljøforverring skal berast av tiltakshavar i § 11 og prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar i § 12 vil måtte trekkjast inn ved den konkrete utforminga av det enkelte tiltak.

## **2. Departementet si vurdering av planprosessen og innhaldet i regional plan for vassforvaltning i Sogn og Fjordane vassregion**

### 2.1. Om planprosessen

Arbeidet med regional vassforvaltningsplan skal følgje plan- og bygningslova sine generelle reglar om planlegging, mellom anna reglar om offentlig deltaking og informasjon, høyring og vedtak av plan. I tillegg har vassforskrifta særlege reglar om planlegging. Planen skal

innehalde eit samandrag av offentlege informasjons- og høyringstiltak som er sett i verk, resultata av desse og endringar i planen som følgje av tiltaka.

Medverknad i Sogn og Fjordane vassregion er godt teke vare på både gjennom formelle høyringar og gjennom eit solid arbeid på vassområdenivå.

Organisering i Sogn og Fjordane vassregion har vore i tråd med vassforskrifta. I tillegg til vassforskriftas krav, er det etablert ytterlegare strukturer for å sikre ei best mogelig gjennomføring av arbeidet med vassforskrifta, mellom ann eit arbeidsutval.

## 2.2. Om innhaldet i planen

Hovudutfordringane i vassregionen er fysiske inngrep i regulerte vassdrag, langtransportert forureining, forureining frå industri, avløp og landbruk, påverknader frå lakselus og rømt oppdrettsfisk på laks- og sjøaurebestandane i tillegg til klimaendringar.

Det er til saman om lag 2080 vassførekomstar i vassregion Sogn og Fjordane. Som dei fleste vassregionar har Sogn og Fjordane lite data på kjemisk tilstand. Kjemisk tilstand er difor i stor grad udefinert. Miljømålet for majoriteten av vassførekomstane er dermed god kjemisk tilstand innan 2021. Vassregionen har likevel ei god framstilling av påverknader som kan ha innverknad på kjemisk tilstand. Problemkartlegging vil vere eit viktig tiltak for å stadfeste tilstand og mogeleg måloppnåing. For 0,5 % av vassførekomstane er det foreslått utsett frist for måloppnåing til 2027, utan at det er forklart kva som er grunngevinga for dette.

Statlege ressursar til overvaking vil bli vurdert innafor dei til ei kvar tid gjeldande budsjettrammer. Departementet meiner likevel at det er eit stort potensiale for sektormyndigheiter til å utnytte eksisterande heimlar til å påleggje verksemder å gjennomføre overvaking. Ulike sektormyndigheiter bør også i større grad samarbeide om utvikling av felles overvaksingsprogram for eit vassområde eller anna føremålstenleg avgrensa geografisk område.

### *2.2.1. Om utpeiking av og miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF)*

Planen seier at dei fleste SMVF er knytte til regulerte vassdrag, mens andre er knytte til sikring mot flaum og erosjon. Nokre få fjordarmar er vurderte som SMVF grunna endra tilførsle av ferskvatn.

### *2.2.2. Om bruk av unntak frå miljømåla*

Forvaltningsplanen for Sogn og Fjordane har ein oversiktleg gjennomgang av vassførekomstar med unntak frå miljømåla. Planen har ei tabellarisk oversikt over vassførekomstar med utsett frist og kart som viser vassførekomstar med mindre strenge miljømål.

Grunngevinga for at det er vurdert utsett frist og mindre strenge miljømål går godt fram i tekst knytt til den tabellariske oversikta. Vurdering av unntak etter § 9 og § 10 er i samsvar med nasjonale føringar.

### *2.2.3. Om klimaendringar og klimatilpassing*

Arbeidet med klimatilpassing vil bli viktig framover, og både dagens klima og framtidige klimaendringar må vere med i vurdering av miljøtilstand og utvikling av klimarobuste tiltak for å sikre god tilstand i framtida. Dette mellom anna fordi planane legg føringar og rammer ut over 2021, og difor må dei ta høgd for klimaendringar. Klimaendringar er godt skildra i Sogn og Fjordane vassregion sin plan. Betydninga av å jobbe vidare med klimatilpassingstiltak framover er understreka i planen.

### *2.2.4. Beskytta område*

Planen gjev eit godt oversyn over – og kartfesting av – dei beskytta områda i regionen. Planen har likevel ikkje noko oversikt over drikkevassførekomstane. Planen viser at det ikkje er utarbeidd særskilte miljømål for beskytta område med utgangspunkt i grunnlaget for vern.

### *2.2.5. Om usemje i planen*

Det er registrert usemje i planen. Dette er omtala nærare under i kapittel 3.4. Akvakultur.

## **3. Om dei einskilde påverknadene i Sogn og Fjordane vassregion**

### **3.1. Landbruk**

#### **a) Nasjonal politikk på området**

Norsk landbruk skal fylle fleire oppgåver, og berekraftig landbruk er eitt av fire hovudmål i landbrukspolitikken. Det er eit mål at tapet av næringsstoff frå jordbruksproduksjon skal vere minst mogeleg. All jordbruksverksemd gir risiko for avrenning av næringsstoff til vassførekomstar, ettersom jordbruk skjer i eit ope, naturleg system. Vanleg avrenning frå jordbruksdrift er difor ikkje omfatta av ureiningslova. Fordi det er jordbruksdrift i store delar av landet, både på dyrka mark og beite, vil jordbruket kunne gje avrenning til eit svært stort tal på vassførekomstar, slik det er registrert i Vass-Nett.

Mykje av miljøsatsinga i jordbruket er samla i eit nasjonalt miljøprogram, som gjennom verkemiddel lokalt, regionalt og nasjonalt legg til rette for ein effektiv og målretta miljøinnsats. Nasjonalt miljøprogram blir rullert kvart fjerde år, noko som inneber at det er rom for å gjera tilpassingar til dei utfordringane som blir avdekte gjennom vassforvaltningsplanane.

#### **b) Vedtekne miljømål og føreslåtte tiltak i regionen**

Oversikta over signifikante påverknader på vassførekomstane i regionen syner at påverking frå landbruk har relativt lite omfang totalt sett, men for nokre vassførekomstar veit ein for lite, og det trengs betre kunnskap. Nokre vassførekomstar er påverka av landbruk i middels grad, særleg elvevassførekomstar, og nokre få av dei i stor grad. For innsjø og kyst betyr avrenning frå landbruk lite. Det kjem klart fram i planen at det er lite kunnskap om diffus avrenning og

om påverknad frå landbruk. Vassregionmyndigheita prioriterer likevel landbruk som eitt av 10 tiltaksområde for vidare oppfølging.

I Vass-Nett synest det å vera omlag 100 vassførekomstar registrerte med «hovudpåverking» frå landbruk, men for mange av desse er det likevel stor grad av uvisse, og problemkartlegging er det viktigaste tiltaket. For 64 vassførekomstar med landbrukspåverking er det sett opp problemkartlegging som tiltak. Sju vassførekomstar med landbrukspåverking har fått utsett frist med grunngjeving i § 9, men det går ikkje fram at det er gjeve utsett frist pga. slik påverknad. Det heiter at det framfor alt er tiltak i regulerte vassdrag som har fått utsett frist. Ni vassførekomstar med landbrukspåverknad har dårleg eller svært dårleg miljøtilstand i dag utan at det er gitt utsett frist.

Det er om lag 100 vassførekomstar som er registrerte med hovudpåverknad frå jordbruk der det er føreslått tiltak. Det er få forslag om konkrete tiltak ut over problemkartlegging, men betre tilsyn og oppfølging er nemnt særskilt. Når det gjeld verkemiddel for å gjennomføre tiltak i landbruket er det særleg peikt på auka behov for frivillige tiltak finansierte gjennom *Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)* og *Regionalt miljøprogram RMP*, men òg på behov for juridiske verkemiddel. Departementet vil her peike på at forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav (forskrift om organisk gjødsel) er under revisjon.

Det er gitt klart uttrykk for at kunnskapsgrunnlaget er for dårleg også når det gjeld påverking frå landbruk, og problemkartlegging vil vere viktig for å betre kunnskapsgrunnlaget.

#### **c) Departementet sine vurderingar og endringar**

Departementet si vurdering er at verkemidla i hovudsak er på plass, men at tilskotsordningar og forskriftsheimlar kan nyttast meir aktivt og målretta. Nasjonalt miljøprogram vil bli rullert i 2017, og omsynet til oppfølging av vassforvaltingsplanane er eit grunnlag for dette arbeidet.

I forvaltningsplanen er det sagt at tiltaksprogrammet har preg av at ein manglar kunnskap om tiltaka og deira kostnader. Det er heller ikkje grunnlag for å vurdere og prioritere kostnadseffektive tiltak. Det er få konkrete forslag til tiltak i landbruket då det er behov for meir kunnskap om påverknad frå landbruket. Nærare vurdering av tiltaka og vedtak om gjennomføring hos den respektive sektormyndigheita vil i mange høve avklare kostnadane.

I Sogn og Fjordane er det registrert 9 vassførekomstar med påverknad frå landbruk og som har dårleg eller svært dårleg miljøtilstand i dag utan at det er gitt utsett frist. Det kan vere risiko for at ein ikkje vil nå miljømålet for alle desse vassførekomstane, særskilt i tilfelle der det ligg føre mangelfull overvaking eller kunnskap om effekten av tiltaka – då med tanke på nye nedbørmønster som følgje av klimaendringane.

Departementet gjer ingen endringar i planen.

#### **d) Overordna overslag over samla kostnader som følgje av planen**

Nærare vurdering av tiltaka og vedtak om gjennomføring hos den respektive sektormyndigheita vil i mange tilfelle avklare kostnadane.

Dei samla økonomiske konsekvensane som følgje av planen er nærare omtalt i kapittel 4 nedanfor.

### **e) Administrative kostnader**

Det er foreløpig lite grunnlag for å vurdere dei samla administrative konsekvensane ved planen.

## **3.2. Samferdsle**

### **a) Nasjonal politikk på området**

Nasjonal transportplan (NTP) presenterer regjeringa sin transportpolitikk. Den gjeldande NTP (Meld. St. 26 (2012-2013) Nasjonal Transportplan 2014-2023), presiserer at «Vannforskriften skal bl.a. følges opp ved at transportetatene gjennomfører nødvendige tiltak i alle relevante vannforekomster innen 2020».

### **b) Vedtekne miljømål og foreslåtte tiltak i regionen**

Dei vanlegaste negative påverknadene frå samferdslesektoren gjeld forureining av vassførekomstar, fysiske inngrep i vassførekomstar og vandringshinder for fisk og andre organismar som lever i vatn. Relevante tiltak gjeld særskild metode for – og bruk av – kjemikaliar og salt under drift og vedlikehald av infrastruktur, og utbetring av vandringshinder.

### **c) Departementet sine vurderingar og endringar**

I vassforvaltingsplanen er det lite fokus på planlagde nye samferdsletiltak og eventuelle effektar og målkonfliktar på grunn av desse. For samferdslesektoren gjeld dette særskilt tiltak tilrådd i Nasjonal Transportplan.

I vassførekomstar med vandringshinder for fisk og andre vasslevande organismar er det lagt stor vekt på kostnadsanslaget for å vurdere om det er naudsynt å bruke mindre strenge miljømål. I praksis vil det òg vere ein viktig del av vurderinga kor sannsynleg det er at fisken tek i bruk nytt habitat, og vandrar opp der eit vandringshinder er fjerna.

Kunnskapsgrunnlaget for vassførekomstar i kystvatn er særleg mangelfullt. For å betre kunnskapsgrunnlaget planlegg Kystverket å gjennomføre eit FoU-prosjekt med bistand frå Miljødirektoratet. Prosjektet blir dekt innanfor gjeldane budsjetttrammer og har som formål å få fram naudsynt kunnskap om når maritim infrastruktur kan vere ein vesentleg påverknad på økologisk tilstand og vasskvalitet, og kva avbøtande tiltak som er aktuelle for å nå miljømåla etter vassforskrifta. Dette er eit bidrag til problemkartlegging og innhenting av kunnskap, og vil gje eit betre grunnlag for å vurdere påverknadsgrad, miljømål og eventuelle naudsynte tiltak. Det skal òg utarbeidast ei rettleiing for vurdering av maritim infrastruktur før neste planrullering.

Departementet gjer endringar i form av utsett frist for å oppnå miljømål til 2017 etter vassforskrifta § 9 bokstav a for desse kystvasslokalitetane inntil ein har betre kunnskap/problemkartlegging og ny rettleiar for vurdering av maritim infrastruktur, sjå vedlegg 1.

Fleire vassførekomstar der det er stor uvisse og diskusjon om klassifisering, tilstand og miljømål er ført opp i Vass-Nett med miljømål udefinert. Mellom desse er vassførekomst 084-1734-2-L Kjøsnesfjorden. Departementet gjer endring av planen ved å fastsetje utsett frist til 2027 for å oppnå miljømål, sjå vedlegg 1.

### **d) Overordna overslag over samla kostnader som følgjer av planen**

Innan samferdslesektoren er kostnadene for tiltak som følgje av forvaltningsplanane uvisse. Generelt er det lite erfaring med kostnader for tiltak som fjerning av vandringshinder, overvaking og problemkartlegging.

Moglege tiltak etter vassforskrifta medrekna beløp, v/Statens vegvesen:

- Rute 4a E39 Vassførekomst: 080-59-R. Vandringshinder i bekkefelt i Norevik i Høyanger kommune pga. for grov plastring. Kostnad kr. 500.000
- Rute 4a E39 Vassførekomst: 089-1807-1-L. Undersøke om veg over Kjøspollen har endra forholda i Kjøspollen. Kostnad kr. 250.000
- Rute 6c Rv. 15 Vassførekomst: 089-96-R. Haugvågen v./Totland i Vågsøy kommune. Pusleplantelokalitet er borte, usikker på årsak. Undersøkja om vegfylling har påverknad på dårleg vassutskifting. Anslått kostnad: kr. 250.000
- Moglege vandringshinder langs fylkesveg avheng av fylkesvegbudsjetta. Gjennomføring av tiltak og planlagd framdrift er difor usikker.
- Undersøkingar av vegpåverka innsjøar, inkludert noko administrativt arbeid er berekna til ca. kr. 25000/år per innsjø.

Kostnader til tunnelvask og vedlikehald av eksisterande reinsebasseng inngår i vanlege drifts- og vedlikehaldsbudsjett. Investerings tiltak i samband med nye store vegprosjekt (etablering av reinsebasseng mv.) vert godkjend etter plan- og bygningslova og får konsesjon/utsleppsløyve etter forureiningslova/-forskrifta. Desse kostnadene er ikkje med her. Store vegprosjekt er pålagde å prosjektere løysingar for handtering av ureina vatn, både i anleggs- og driftsfasen.

Dei generelle økonomiske konsekvensane som følgje av planen er nærare omtalte under kapittel 4 nedanfor.

#### **e) Administrative konsekvensar**

Det går mykje ressursar til overvaking og problemkartlegging i samband med vassforvaltningsplanane. Ein god del av dei siste avklaringane – til dømes ansvarsforhold, kjelder m.m. – står òg igjen. Vidare vil prosjektering av enkelttiltak og oppfølging/gjennomføring av tiltak krevje administrativ oppfølging. Dette gjeld både for nye investeringar og drifts- og vedlikehaldsrutinar.

### **3.3. Vasskraft**

#### **a) Nasjonal politikk på området**

Dei viktigaste nasjonale styringsdokumenta for planarbeidet og departementet si godkjenning på vasskraftområdet er: Meld. St. 25 (2015-2016) *Kraft til endring* og Innst. 401 S (2015-2016), Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet* og Innst. 294 S (2015-2016), nasjonale føringar i brev av 24. januar 2014 frå KLD og OED til vassregionane, med tilvising til rapport 49:2013 frå Noregs vassdrags- og energidirektorat og Miljødirektoratet og rettleiar 01:2014 for Sterkt modifiserte vassførekomstar. Det er i hovudsak Olje- og energidepartementet som forvaltar sektorlovverket og dermed verkemidla som regulerer denne sektoren.



Dei nasjonale føringane skal sikre ein rett balanse mellom miljøforbetringar og omsynet til kraftproduksjon. I føringane vert det teke utgangspunkt i rapport 49:2013 som går gjennom alle konsesjonar som kan reviderast fram til 2022. Rapporten skil mellom vassdrag i kategori 1.1 (høg prioritet) og 1.2 (lågare prioritet), når det gjeld potensial for forbetring av viktige miljøverdiar opp mot kostnadane ved slepp av vatn/magasinstriksjonar. For å kunne vurdere muleg redusert produksjon vart det i gjennomgangen nytta ein hydrologisk standardstorleik ("Q95") for minstevassføring.

Det samla krafttapet i Noreg som følgje av miljøforbetrande tiltak og fordelinga mellom regionane har påverka godkjenninga av den einskilde planen. Den nasjonale godkjenning har difor ført med seg endringar samanlikna med den regionale prioriteringa i planen.

Forbetringa av økologien i vassførekomstar er hovudføremålet med vassforskrifta. Dette hindrar ikkje at andre omsyn (slik som landskap og friluftsliv) kan medverke til å få sett i gong revisjon, innkalling eller omgjerung etter vassdragslovgjevinga, sjølv om desse omsyna ikkje påverkar fastsetjinga av miljømålet.

I dei nasjonale føringane er det lagt til grunn at vassdrag med klårast potensial for miljøforbetring til lågast muleg kostnad skal prioriterast for miljøforbetring. Sakshandsaming i dei einskilde sakene og forventa tid før eit tiltak gjev ein målbar effekt kan gjere det naudsynt å nytte høvet til å utsetje måloppnåinga etter § 9.

Om tiltaka faktisk skal gjennomførast for å følgje opp planen vert vurdert etter sektorlovverket etter ei meir grunding kost/nytte-vurdering.

I Meld. St. 14 (2016-2017) *Natur for livet* og Meld St. 25 (2015-2016) *Kraft til endring* er det slege fast at det vil bli gjennomført revisjon i ei rad vassdrag i fyrste planperiode. Ei oversikt over kva tiltak som vil vere sett i verk (dvs. at sektoravgjerd ligg føre) vil gå fram av midtvegsrapporteringa i 2018.

## **b) Vedtekne miljømål og føreslegne tiltak i regionen**

Svært mange vassførekomstar i Sogn og Fjordane er påverka av vasskraftutbygging. Vasskraftproduksjonen er i eit normalår 14,7 TWh i Sogn og Fjordane vassregion. Både innlandsfisk, laksen og sjøauren og anna biologisk mangfald er negativt påverka av vassdragsutbygging.

I følgje planen er 342 vassførekomstar peika ut som sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF). Departementet har registrert at det er ført opp 375 vassførekomstar der miljømålet er basert på undersøkingar, administrative tiltak eller miljøforbetrande tiltak som har med vasskraft å gjere.

I forvaltingsplanen for Sogn og Fjordane er 1.1-vassdraga frå rapport 49:2013 vidareførde som prioriterte vassdrag. Vassregionutvalet har ikkje gjort ei eiga, regional prioriteringa. Dei seks prioriterte vassdraga omfattar Arnafjord- og Viksvassdraget, Aurlandsvassdraget, Jostedøla, Bøfjordvassdraget, Jølstra og Stongfjordvassdraget. Jostedøla er vidareført som

prioritert vassdrag trass i at verdi/påverknad i rapport 49:2013 i hovudsak var knytt til landskap/friluftsliv. Det er ikkje grunngeve kvifor dette vassdraget likevel vert prioritert i forvaltingsplanen. I tillegg kjem det fram av planen at Dyrneslivassdraget er aktuelt for innkalling til konsesjonshandsaming etter vrl. § 66.

Planen vart godkjend med føresetnad om at tiltak gjennomførde i fyrste planperiode ikkje skal føre til redusert kraftproduksjon.

Vassregionen har sett miljømål for eitt reguleringsmagasin (i Lærdalsvassdraget) som krev nye magasinrestriksjonar for å oppfylle miljømålet.

### **c) Departementet sine vurderingar, generelle prinsipp og endringar**

Ved godkjenninga har det for mange planar vore vanskeleg å få eit eintydig oversyn over kva miljømål som følgjer av planen og mulege konsekvensar for vasskraftsektoren. I godkjenninga har departementet difor vald å lage lister over vassførekomstar med godkjende miljømål, basert på tiltak som høyrer under sektorlovverket for vasskraftsektoren. Desse går fram av vedlegg 2 (miljømål som kan medføre krafttap) og vedlegg 3 (miljømål som kan medføre andre typar tiltak). For desse vassførekomstane er miljømålet sett høgare enn dagens tilstand. For vassførekomstar som ikkje inngår i desse listene, vil miljømålet ved godkjenninga vere det same som dagens tilstand. Denne framgangsmåten er vald for å synleggjere kor måloppnåinga er avhengig av nye tiltak. Listene vil innehalde fire kategoriar vassførekomstar med miljømål:

- Miljømål for SMVF basert på tiltak som kan få verknad for vasskraftproduksjon
- Miljømål for SMVF som er basert på andre tiltak, til dømes med heimel i standardvilkåra i vasskraftkonsesjonar (tersklar, fisketrapper, biotopjusterande tiltak etc.)
- Miljømål for naturlege vassførekomstar basert på tiltak som kan få verknad for vasskraftproduksjon
- Miljømål for naturlege vassførekomstar som er basert på andre tiltak, til dømes med heimel i standardvilkåra i vasskraftkonsesjonar (tersklar, fisketrapper, biotopjusterande tiltak etc.)

#### *Miljømåla for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF)*

Miljømåla for SMVF vert sette ut frå antatt verknad av summen av alle "realistiske tiltak". At eit tiltak er realistisk tyder at nytten for samfunnet vert vurdert som større enn kostnadane. Dette kan vere tiltak som kan få verknad for endra vasskraftproduksjon eller andre avbøtande tiltak. Den sentrale godkjenninga har teke utgangspunkt i tiltaka som grunngeve miljømåla i planen og Vann-Nett.

Rettleiaren for SMVF og dei nasjonale føringane skildrar prosessen og avvegingane for å komme fram til miljømålet for den einskilde vassførekomsten. Kvar einskild SMVF med miljømål som føreset tiltak som kan få verknad for vasskraftproduksjon er difor gått gjennom. Godkjenninga har teke utgangspunkt i kapittel 3 og vedlegg 8 til planen (oversyn over sterkt modifiserte vassførekomstar) og Vann-Nett.

Dei vassførekomstane som er på lista over godkjende miljømål som føreset tiltak som kan få verknad for vasskraftproduksjon og som ikkje har vore vurdert i rapport 49:2013 har ikkje i alle tilfelle fått ei kost-nyttevurdering slik vassforskrifta ber om, men oppfyller dei følgjande krava:

- Det er sett eit miljømål basert på økologiske parameterar.
- Miljømålet er basert på avbøtande tiltak.
- Fastsetjinga har teke omsyn til nasjonale føringar.
- Fristen for måloppnåing er realistisk.

Miljømål for SMVF-ar som i følge Vann-Nett krev andre pålegg ovanfor kraftsektoren enn dei som påverkar vasskraftproduksjonen, til dømes pålegg etter standardvilkåra i vasskraftkonsesjonar, er også gjennomgått. Det følgjer av Meld. St. 25 (2015-2016) *Kraft til endring* og Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet* at regjeringa vil utgreie korleis dagens naturforvaltingsvilkår eller andre effektive verkemiddel kan gjerast gjeldande også ovanfor konsesjonar som ikkje har dette vilkåret i dag. Dette med sikte på at det skal kunne gjevast pålegg for å nå nasjonalt godkjende miljømål i vassforvaltingsplanane for periode 2016-2022.

Vassførekomstar på lista over godkjende miljømål som føreset tiltak som ikkje påverkar vasskraftproduksjonen, oppfyller følgjande krav; det er i Vann-Nett oppgjeve konkrete miljøforbetrande tiltak som er eigna til å nå eit miljømål som er høgare enn dagens tilstand og dagens tilstand er ikkje sett til "undefinert".

Kostnadane ved tiltaka er i liten grad dokumentert i planane. Dette kan føre til at det ved etterfølgjande sektorhandsaming vert avgjort at dei føreslegne tiltak likevel ikkje vil verte gjennomførde. Miljømåla kan dermed bli justerte ned for neste planperiode.

Motsett vil det kunne finnast rimelege og effektive miljøforbetrande tiltak der miljømålet likevel er sett til dagens tilstand. Det vil i nokre vassførekomstar vere miljømål som tilsynelatande står i motstrid til allereie pålagde tiltak. At ein vassførekomst ikkje har fått godkjend eit høgare miljømål inneber ikkje at allereie iverksette undersøkingar og/eller miljøforbetrande tiltak ikkje skal vidareførast eller at framtidige undersøkingar og/eller miljøforbetrande tiltak ikkje skal kunne påleggast på vanleg måte i medhald av lovverk eller standardvilkår. Ny kunnskap om tilstand og verknadar av igangsette og planlagde tiltak vil bli lagd til grunn når miljømåla vert justerte ved rullering av planane.

Miljømåla og tiltaka i planane reflekterer generelt eit stort behov for betre kunnskap og problemkartlegging, både for å kartlegge dagens tilstand og for å vurdere realistiske avbøtande tiltak. For vassførekomstar der kunnskapsinnhenting er det einaste tiltaket vert miljømålet sett til dagens tilstand. Kunnskapsinnhenting som tiltak vert likevel oppretthalde i Vann-Nett, då departementet meiner at kunnskapsinnhenting er viktig for å finne aktuelle tiltak som grunnlag for å kunne fastsetje meir presise miljømål for vassførekomstar med kjende miljøproblem og forbettringspotensial ved rullering av planane.

For dei vassførekomstane der det i medhald av godkjenninga ikkje er føresett tiltak, vert miljømålet endra til dagens tilstand ved denne godkjenninga. Dagens tilstand er lik godt økologisk potensial (GØP) dersom alle realistiske tiltak er gjennomført og vassførekomsten

har eit fungerande økosystem. Dersom ikkje skal miljømålet vere mindre strenge miljømål etter vassforskrifta § 10. Om dagens tilstand oppfyller minstemålet for GØP (fungerande akvatisk økosystem) eller ikkje, vil gå klart fram og verte oppgjeve i Vann-Nett. Departementet vil sikre at dette vert gjennomført etter godkjenninga og før planen vert rapportert til ESA. Departementet vil i samråd med Olje- og energidepartementet gje eit eige oppdrag til direktorata om dette.

#### *Miljømål for naturlege vassførekomstar*

Vassførekomstar som er prega av vasskraftutbygging skal ikkje peikast ut som SMVF dersom god tilstand allereie er nådd eller med rimelegheit kan nåast.

Det er oppgjeve i vedlegg 2 kva for naturlege vassførekomstar prega av vasskraftutbygging som kan nå god økologisk tilstand (GØT) gjennom tiltak som kan gje krafttap. Dei andre vassførekomstane som i planen er sett som naturlege vassførekomstar, som er påverka av vasskraft og som ikkje med rimelegheit kan nå GØT er per definisjon SMVF. Det kan finnast realistiske tiltak for å betre miljøtilstanden også for desse, men miljømålet er då eventuelt sett som GØP eller lågare (mindre strenge miljømål – MSM). For bekkeinntak er det generelt ikkje positiv nytte/kost ved å sleppe vatn. Desse vert difor i hovudsak gjeve unntak frå miljømålet "god tilstand" etter vassforskrifta § 10, og det vert sett mindre strenge miljømål.

Naturlege vassførekomstar prega av vasskraftutbygging som i følgje Vann-Nett krev avbøtande tiltak som ikkje gjev tap i kraftproduksjon for å nå GØT er oppgjevne i vedlegg 3. Der GØT ikkje med rimelegheit kan nåast ved hjelp av føreslegne konkrete, fysiske tiltak (til dømes der det berre er føreslege administrative tiltak eller problemkartlegging), er vassførekomsten per definisjon ikkje naturleg, men sterkt modifisert.

Status for vassførekomstar endra frå naturleg til SMVF vil oppdaterast i Vann-Nett før rapportering.

Truleg er det mange naturlege vassførekomstar som eigentleg burde vore utpeika som SMVF. Tilsvarande kan det syne seg at vassførekomstar er feilaktig utpeika som SMVF fordi det likevel finst avbøtande tiltak som gjer at GØT med rimelegheit kan nåast. Meir kunnskap vil gje grunnlag for ei meir korrekt vurdering av om ein vassførekomst skal ha status som naturleg eller vil verte utpeika som SMVF ved rullering av planen.

#### *Magasinrestriksjonar*

Når det gjeld miljømål for reguleringsmagasin som krev magasinrestriksjonar som tiltak har departementet ikkje godkjend desse og set miljømålet lik dagens tilstand.

Magasinrestriksjonar vil i avgrensa grad gje ei målbar økologisk forbetring, og ønske om magasinrestriksjonar er i hovudsak grunngeve ut frå brukarinteresser (til dømes landskap/friluftsliv). Bruk av magasinrestriksjonar vil ha verknad for kraftproduksjon og reguleringsevne. Det vil også ha konsekvensar for mulegheita til å nå miljømål på nedstraums elvestrekning. I tillegg har magasin ofte viktige funksjonar for flaumdemping, forsyningstryggleik og brukarinteresser. Desse omsyna er vanskelege å vurdere opp mot økologiske forbetringar. Departementet meiner difor at forslaga om magasinrestriksjonar

ikkje kan inngå som tiltak i miljømålfastsetjinga og heller må vurderast i den einsskilte revisjonssaka der dette er aktuelt.

Departementet føreset på denne bakgrunnen at eventuelle magasinrestriksjonar grunngeve med miljøomsyn vert vurderte av sektormyndigheitene i dei kommande revisjonane der alle vilkår som vert omfatta av vassdragskonsesjonane er gjenstand for revisjon.

Andre tiltak i magasin (t.d. fiskeutsetjing, biotoptiltak) er for nokre vassførekomstar sett på som realistiske tiltak og lagde til grunn for godkjenning av miljømåla.

#### *Prinsipp for bruk av tidsutsetjing*

Kva tidspunkt ein ventar at målet vil vere nådd kjem an på fleire faktorar. Det vil ta tid å greie ut og sakshandsame aktuelle miljøtiltak. Forvaltingslova stiller strenge krav til kunnskapsgrunnlag, medverknad og høvet til å klage. Det vil også ta tid før tiltak er sett i verk fordi fysiske tiltak skal detaljplanleggast, dimensjonerast og byggast. Den økologiske responsen på tiltaket vil også ta noko tid. Av desse grunnar kan det vere behov for å nytte tidsutsetjing av måloppnåinga for fleire vassførekomstar.

Departementet har lagt følgjande prinsipp til grunn for tidspunkt for når måla vert nådde når det gjeld vassførekomstar med miljømål som kan medføre krafttap:

Måloppnåing 2021:

- Revisjonssaker der det er utarbeidd eit revisjonsdokument.
- Innkallings- og omgjeringsaker der det er byrja på ei sak.

Måloppnåing 2027:

- Revisjonssaker der det pr. i dag er fremja krav om revisjon.
- Alle andre innkallings- og omgjeringsaker.

Måloppnåing 2033:

- Framtidige revisjonssaker der det enno ikkje er fremja krav.

Departementet har lagt følgjande prinsipp til grunn for tidspunkt for måloppnåing når det gjeld vassførekomstar med miljømål som føreset andre typar tiltak:

Måloppnåing 2021:

- Der tiltak kan påleggast i medhald av gjeldande standardvilkår, eller ved ein revisjon der revisjonsdokument er utarbeidd, eller ved innkalling eller omgjerung der sakene er byrja på.

Måloppnåing 2027:

- Alle andre tiltak, til dømes dei som ikkje har heimel for pålegg etter standardvilkåra og som føreset anten revisjon, innkalling eller omgjerung, eller prosess for å innføre dagens naturforvaltingsvilkår eller andre effektive verkemiddel, jf. Meld. St. 25 (2015-2016) og Meld. St. 14 (2015-2016).

#### ***Departementet sine endringar***

Departementet har i vedlegg 2 og 3 ført opp dei vassførekomstar med miljømål som er godkjende som høgare enn dagens tilstand og som treng nye tiltak for å oppfylle miljømålet.

For andre vassførekomstar prega av vasskraftproduksjon er ikkje måloppnåinga avhengig av nye tiltak, og miljømålet er lik dagens tilstand.

Sett i høve til planen reduserer godkjenninga talet på vassførekomstar med miljømål høgare enn dagens tilstand som føreset miljøforbetrande tiltak som kan påverke vasskraftproduksjonen. Det er til dels svake grunngevingar og mangelfulle kost-nyttevurderingar i mange av planane. Kost-nyttevurdering er sentralt når det skal setjast miljømål for SMVF. For dei høgast prioriterte vassdraga i rapport 49:2013 (vassdrag i kategori 1.1) har direktorata gjort ei overordna kost-nyttevurdering. Dei vassførekomstane som i tillegg vert godkjende med miljømål høgare enn dagens tilstand ligg etter departementet sitt syn innanfor dei nasjonale føringane. Sidan kost-nyttevurderingane gjennomgåande er dårlegare dokumentert for desse vassførekomstane må det ventast etterfølgjande justeringar i miljømåla for neste planperiode og i samband med sektormyndigheita si handsaming i den einskilde saka.

Godkjenninga reduserer også talet på vassførekomstar med miljømål høgare enn dagens tilstand som føreset andre tiltak som kan påleggast vasskraftsektoren, i hovudsak fordi miljømåla ikkje er baserte på konkrete avbøtande tiltak slik rettleiinga seier.

Avstemming av tiltak og miljømål i Vann-Nett vil gjerast av sentrale fagmyndigheiter før rapportering til ESA. Ved eventuelle feilføringar i Vann-Nett er det godkjenningsvedtaket som skal leggast til grunn for oppfølginga.

I lista over vassførekomstar med miljømål som kan medføre krafttap (vedlegg 2) er tidspunktet for måloppnåing ført opp. I lista over vassførekomstar med miljømål som kan medføre andre typar tiltak (vedlegg 3) er tidspunkt for måloppnåing ikkje ført opp, men Vann-Nett vil oppdaterast ut frå omtalen over før rapportering til ESA.

#### **d) Overordna estimat over samla kostnadar som følgjer av planen**

Kostnadane som følgjer av planen innan vasskraftsektoren er i form av tapt energiproduksjon, investeringskostnadar ved ombygging og kostnadar for andre tiltak.

I sektormyndigheitene si etterfølgjande sakshandsaming vil det verte gjort grundigare vurderingar av dei samla fordelane og ulempene ved dei einskilde tiltak før endeleg avgjerd vert teke. Det kan då syne seg at tiltak ikkje er eigna eller har ein for høg kostnad i høve til nytten. Det er ved godkjenninga gjort endringar i planen for å avgrense konsekvensane for vasskraftsektoren, mellom anna som følgje av manglande kost-nyttevurdering.

#### **e) Administrative konsekvensar**

Av miljøtiltak som skal kostast av vasskraftprodusentane kan det vere aktuelt å pålegge tiltak etter standardvilkår i gjevne konsesjonar eller liknande heimelsgrunnlag. Å gje pålegg med heimel i standardvilkåra vil medføre administrative konsekvensar for miljømyndigheitene og vassdragsmyndigheita. Tiltak som medfører endringar i kraftproduksjon må påleggast ved ein revisjon etter vassdragsreguleringslova, ei innkalling til konsesjonshandsaming etter reglane om innkalling i vassressurslova § 66 eller etter reglane om omgjerding i vassressurslova § 28. Dette vil medføre administrative konsekvensar for vassdragsmyndigheita ettersom gjennomføring av tiltak for å nå miljømåla vil krevje auka kapasitet til sakshandsaming.

Det leggst til grunn at ein stor del at tiltaka uansett ville blitt gjennomførte som del av den ordinære vassforvaltninga i Noreg, uavhengig av vassdirektivet.

### **3.4. Akvakultur**

#### **a) Nasjonal politikk på området**

Regjeringa meiner at miljøvis berekraft må nyttast som *den* viktigaste føresetnaden for å regulere vidare vekst i oppdrettsnæringa, og vil følgje opp i tråd med Stortingets handsaming av Meld. St. 16 (2014-2015) *Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett*.

#### **b) Vedtekne miljømål og føreslåtte tiltak i regionen**

Det går fram av planen at akvakultur er ei av hovudutfordringane for vassmiljøet i Sogn og Fjordane vassregion. I dette tilfellet gjeld det påverknad frå akvakultur på bestandane av vill laksefisk i form av lakselus og rømt oppdrettsfisk.

#### **c) Departementet sine vurderingar og endringar**

Generelt vil påverknad frå akvakultur på miljøtilstanden i vassførekomstane kunne dreie seg om utslepp av ulike stoff til vassførekomsten, om lakselus- og annan sjukdomssmitte til vill laksefisk og om negativ påverknad på villfisk frå rømt oppdrettsfisk.

Påverknadar frå akvakultur i form av lakselus og rømt fisk er ikkje omfatta av grunnlagsanalysane for vassforvaltingsplanane for perioden 2016-2021, mens ein ventar på eit forbetra vitskapeleg fundert vurderingsgrunnlag som er under utarbeiding. Det føregår arbeid med å fastslå miljøtilstanden i vassdrag med anadrom fisk, og eit arbeid som skal føre fram til ei tilfredsstillande vurdering av påverknad, og gje grunnlag for å setje inn tiltak på dei rette stadane.

EFTAs overvakingsorgan (ESA) gir i brev av 6. oktober 2014 om oppfølging av dei norske vassforvaltingsplanane uttrykk for ei tydeleg forventning om at biologiske påverknadar frå lakselus og rømt oppdrettsfisk blir vurderte i grunnlagsanalysane til vassforvaltingsplanane for perioden 2016-2021. Vidare er det venta at Noreg lagar ein plan for å betre desse analysane i neste vassforvaltingsplanperiode.

Klima- og miljødepartementet arbeider for å få oppdatert kunnskapsgrunnlaget fram mot rapportering til ESA i 2018, med sikte på vassforvaltingsplanane for perioden 2022-2027. Forureining frå oppdrett er handtert i tråd med Miljøverndepartementet sitt brev av 3. juli 2013 og 15. juli 2013.

I planen kap. 2.4.2 er det rapportert om usemje mellom Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fiskeridirektoratet region vest om karakterisering av påverknad frå akvakultur i to kystvassførekomstar. Det gjeld Indrefjorden i Arnafjord i Vik og Botnavika/Indre Eikefjorden i Flora. I planen heiter det: "For Indrefjorden har Fylkesmannen sett risikovurderinga mot måloppnåing innan 2021 til *risiko*, på bakgrunn av manglande data om miljøtilstand og urovekkjande meldingar om negativ endra tilstand. Miljøundersøking er gjennomført i 2012.

Denne vil truleg gje sikrere kunnskap om miljøtilstanden i fjorden, men resultatane er enno ikkje rapporterte.

I Eikefjorden har Fylkesmannen delt frå den inste delen av fjorden i ein eigen vassførekomst pga. ulik påverknad og miljøtilstand innanfor ein terskel samanlikna med resten av fjorden. Denne vassførekomsten er også sett i *risiko*, med bakgrunn i at tidlegare sagbruksdrift har gitt redusert miljøtilstand med tidvis oksygensvikt ved botn, og at miljøgranskingar utførte som overvaking av utslepp frå setjefiskproduksjon stadfestar at miljøtilstanden er stabilt moderat. Effekten av sagflis vil vare ved i lang tid, men oppryddingstiltak er ikkje funne turvande per i dag.

Fiskeridirektoratet støttar ikkje deling av vassførekomstane ut over Fjordkatalogen, og ber om at innlegga som er gjort i Vass-Nett vert endra til *ingen risiko*. Deira tilnærming er at næringa skal vere berekraftig. Dersom det skulle vise seg at forholda er for dårlege i ein vassførekomst, vil regelverket og rutinar syte for at tiltak vert sette i verk og tilstanden vil bli god nok innan 2021."

Ulikt syn på handtering av mistanke om mogleg ureining frå akvakultur førte til at Vassregionmyndigheita i Sogn og Fjordane vende seg til Direktoratetsgrupper, som i brev av 20. juni 2012 løfta nokre prinsipielle spørsmål vidare til departementsnivå. Departementet gav i brev av 3. juli 2013 si vurdering av spørsmåla. Planen viser at det likevel ikkje har vore mogeleg å komme til semje om dei to kystvassførekomstane.

Departementet har ingen merknad til frådelinga av den inste delen av Eikefjorden i ein eigen vassførekomst. Departementet viser her til fylkesmannen sin kommentar i Vass-Nett, der det mellom anna er presisert at påverknad frå setjefisk ikkje er årsaka til delinga.

Departementet tek ikkje stilling til risikovurderinga for dei to vassførekomstane. Det går fram av planen og Vass-Nett at både Indrefjorden og Eikefjorden har fått miljømålet god økologisk tilstand i 2021. Departementet går ut frå at nærare miljøundersøkingar i denne planperioden vil avdekkje om det er behov for unntak frå miljømålet i neste planperiode.

Departementet gjer ingen endringar i planen på området.

#### **d) Overordna overslag over samla kostnader som følgje av planen**

Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget vil kunne medføre ein del kostnader. Statens kostnader vil bli dekte innanfor Klima- og miljødepartementets og Nærings- og fiskeridepartementets årlege budsjetttrammer.

Dei generelle økonomiske konsekvensane som følgje av planen er det gjort nærare greie for i kapittel 4.

#### **e) Administrative konsekvensar**

Planen vil innebere administrative konsekvensar for miljøstyresmaktene og fiskeristyresmaktene som er ansvarlege for oppdatering av kunnskapsgrunnlaget og for



utgreiing av tiltak når det gjeld akvakultur, og som også er premisleverandør for fastsetjinga av miljømål.

### **3.5. Framande organismar**

#### **a) Nasjonal politikk på området**

Aichimål 9 under FN-konvensjonen om biologisk mangfald slår fast at skadelege framande organismar og deira spreingsvegar skal vera identifiserte og prioriterte, at utvalde organismar skal vere kontrollerte eller utrydda, og at tiltak for å forvalte spreingsvegar for å hindre introduksjon og etablering skal vere innført innan 2020. Det same slår eit av delmåla under FN's berekraftmål fast.

Eit heilskapleg regelverk mot framande organismar (forskrift om framande organismar under naturmangfaldlova kapittel IV) trådde i kraft 1. januar i 2016. Føremålet med regelverket er å hindre innførsle, utsetjing og spreing av framande organismar som medfører, eller kan medføre, uheldige følgjer for naturmangfaldet. I tillegg stiller forskrifta om ballastvatn krav til handtering av ballastvatn. Det er òg vedteke ein tverrsektoriell nasjonal strategi mot framande skadelege arter som inneheld mål, prinsipp, strategiar og tiltak mot framande arter i alle relevante myndigheitssektorar. I tillegg er det utarbeidd - og vil bli utarbeidd - fleire handlingsplanar mot framande skadelege organismar. I stortingsmeldinga "Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold (Meld. St. 14 (2015-2016))" er det slått fast at Klima- og miljødepartementet i samråd med andre departement dette angår vil utarbeide ein samla, prioritert tiltaksplan for nedkjemping av skadelege framande organismar.

#### **b) Vedtekne miljømål og føreslåtte tiltak i regionen**

Framande organismar er ikkje ei av hovudutfordringane i vassregionen, men framande organismar i ferskvatn og sjø er blant dei prioriterte tiltaksområda for vidare oppfølging i Sogn og Fjordane vassregion.

Det er nemnt i planen at framande skadelege arter i ferskvatn er eit problem nokre stader. Fleire elver eller innsjøar i regionen er påverka av framande arter. Det største problemet har vore smitte av *Gyrodactylus salaris*, men òg innvandring av ørekyte har innverka på miljøtilstanden nokre stader. *Gyrodactylus salaris* har sidan 1990-talet vore etablert i Lærdalsvassdraget der den er registrert i fire vassførekomstar. Vassdraget er behandla mot parasitten fleire gonger, sist i 2012, og vil forhåpentleg bli friskmeldt i 2017. Vidare har regnbogeaure blitt registrert nokre stader, men det er usikkert om arten framleis oppheld seg eller reproducerer i vassdraga. Det er vidare nemnt at krypsiv er ei introdusert art som er registrert i Hafslovatnet, Indre Sogn. Det er vidare nemnt at spreing av framande arter i sjø potensielt kan vere eit stort problem, og at det er behov for betre kunnskap og nasjonale/regionale verkemiddel.

I planen er òg nemnt føreslegne tiltak mot framande arter. Desse omfattar mellom anna overvaking av *Gyrodactylus salaris*, desinfeksjonsstasjonar og informasjons- og haldningsskapande arbeid. Det er òg føreslått utfisking av ørekyt og regnbogeaure og kartlegging av omfanget av skadelege framande arter i sjø.

Ettersom Lærdalselva er behandla mot *Gyrodactylus salaris*, og vonleg vil bli friskmeldt i 2017, heiter det i planen at det ikkje er grunnlag for utsett frist for vassførekomstane som er påverka i dette vassdraget. Vassførekomstar påverka av framande arter er heller ikkje føreslegne for utsett frist eller unntak.

### **c) Departementet sine vurderingar og endringar**

Departementet viser til at når framande organismar først har etablert seg er det svært vanskeleg å nedkjempe dei. Førebyggjande tiltak er difor viktig for å hindre ytterlegare spreiding av framande organismar i Sogn og Fjordane vassregion. I denne samanhengen viser departementet òg til at det no har kome på plass meir effektive nasjonale verkemiddel for å redusere spreidinga av framande organismar, som det nemnde regelverket om framande organismar under naturmangfaldlova og alt utarbeidde og komande handlingsplanar mot blant anna framande fiskearter, stillehavssøsters og ein oppdatert handlingsplan mot *Gyrodactylus salaris*. Det er òg venta at krav om reinsing av ballastvatn under den internasjonale konvensjonen om ballastvatn vil bli innført om kort tid. Reinsekravet vil då bli teke inn i forskrifta for ballastvatn.

Departementet gjer ingen endringar i planen på området.

### **d) Overordna overslag over samla kostnader som følgje av planen**

Departementet viser til at føresetnadene for å utføre dei økonomiske analysane ikkje har vore til stades i Sogn og Fjordane vassregion. Det er difor ikkje mogeleg å anslå dei totale økonomiske kostnadene som følgje av føreslåtte miljømål og tiltak knytte til framande organismar i vassregionen. Det er viktig at kostnader og effekten av tiltak i større grad vert oppgitt av sektormyndigheitene fram mot neste planperiode, slik at det blir mogeleg å estimere dei samla kostnadene som følge av planen for neste planperiode. Tiltak mot framande skadelege organismar vil bli dekte innanfor Klima- og miljødepartementet sine årlege budsjetttrammer.

Dei generelle økonomiske konsekvensane som følgje av planen er nærare behandla i kapittel 4.

### **e) Administrative konsekvensar**

Planen vil innebere administrative konsekvensar for mellom anna Miljødirektoratet, Mattilsynet og Fylkesmannen, som er ansvarlege myndigheiter for gjennomføring av tiltak mot framande organismar.

## **3.6. Avløp**

### **a) Nasjonal politikk på området**

Utslepp frå avløpssektoren er i hovudsak regulerte gjennom regelverk heimla i ureiningslova og i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg, særleg ureiningsforskriftas del 4 og 4A. Det er heimel i regelverket for kostnadsdekning av nødvendige investeringar, drift, vedlikehald, kontrollar osv.

### **b) Vedtekne miljømål og foreslåtte tiltak i regionen**

Avløp er nemnt som ei av hovudutfordringane i regionen. Planen opplyser om at det er lite kunnskap om utslepp og påverknad frå små avløpsanlegg (spreidd tilførsle) og landbruk. Påverknadsgraden frå avrenning frå landbruk og avløp frå spreidd busetnad er difor ukjend for ein del vassførekomstar. Ureining er den største påverknaden i kystvassførekomstar, særleg frå avløp/reinseanlegg og industri. Kartlegging av problema, spesielt anlegg i spreidd busetnad, bør gjennomførast før tiltak vert sette i verk. Planen etterlyser statlege tilskotsordningar knytte til avløp. Interkommunalt samarbeid om spreidd avløp er òg nemnt som eit generelt tiltak.

### **c) Departementet sine vurdering og endringar**

Departementet si vurdering er at det i hovudsak finst tilstrekkelege verkemiddel på avløpsområdet til at mål vil kunne nåast. På denne bakgrunnen gjer departementet ingen endringar i regionalt vedteken plan på dette området.

### **d) Overordna overslag over samla kostnader som følgje av planen**

Det er foreløpig lite grunnlag for å vurdere samla kostnader som følgje av planen.

### **e) Administrative kostnader**

Det er foreløpig lite grunnlag for å vurdere dei samla administrative konsekvensane ved planen.

## **3.7. Anna forureining (frå industri, forureina sediment mv.)**

### **a) Nasjonal politikk på området**

Forureining frå industri mv. er i all hovudsak regulert etter forureiningslova, mens innhald av miljø- og helseskadelege stoff i produkt i hovudsak er regulert etter produktkontrolllova.

Opprydding i ureina grunn og sediment følgjer forureinar betaler-prinsippet og blir i hovudsak følgt opp gjennom pålegg om tiltak eller undersøkingar etter forureiningslova retta mot ansvarleg eigar eller den som forureinar. I tillegg kan det gis statleg støtte til delfinansiering av opprydding i nokre prioriterte område etter nærare kriterium. Arbeidet med forureina sediment følgjer hovudprioriteringane i ein handlingsplan for forureina sediment frå 2006. Arbeidet er langsiktig.

Det er eit eige nasjonalt mål at utslepp og bruk av miljøgifter skal reduserast kontinuerleg med mål om å stanse utsleppa innan 2020. Dei prioriterte miljøgiftene som er dekte av 2020-målet - prioritetslista - dekkjer no drygt 30 stoff eller stoffgrupper. Arbeidet på dette feltet følgjer handlingsplanen frå 2015.

### **b) Vedtekne miljømål og foreslåtte tiltak i regionen**

Utslepp frå industri er oppgitt som ei vesentlig kjelde til forureining.

Tiltak mot miljøgifter er beskrivne i fleire av tiltakspakkane vassregionen ønskjer å prioritere. For mange vassområde er problemkartlegging det viktigaste tiltaket.

**c) Departementet sine vurderingar og endringar**

Det er behov for ytterlegare kunnskap, vurdering av viktigaste kjelder til påverknad, nytte-/kostnadsanalysar av tiltak, vurdering av tiltaksbehov og ev. nye verkemiddel til neste rullering av planen.

Departementet gjer ingen endringar i planen på området.

**d) Overordna overslag over samla kostnader som følgje av planen**

Det er foreløpig lite grunnlag for å vurdere samla kostnader som følgje av planen.

**e) Administrative kostnader**

Det er foreløpig lite grunnlag for å vurdere dei samla administrative konsekvensane ved planen.

### **3.8. Langtransportert luftforureining/sur nedbør/kalking**

**a) Nasjonal politikk på området**

Det er ein del av det nasjonale målet om at forureining ikkje skal skade helse og miljø, at helse og miljø ikkje skal ta skade av langtransportert luftforureining frå SO<sub>2</sub>, NO<sub>x</sub>, VOC, ammoniakk eller partiklar.

Det går fram av Plan for kalking av vassdrag i Norge 2016-2021 at overordna mål for kalking er å sikre eller reetablere minimum "god økologisk tilstand" etter vassforskrifta med omsyn til forsuring, og sikre god tilgang til fritidsfiske i forsuringsramma område.

Av Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold* går det fram at regjeringa vil halde fram med å kalke forsura vassdrag.

**b) Vedtekne miljømål og føreslåtte tiltak i regionen**

Langtransportert forureining (sur nedbør) er blant hovudutfordringane for vassmiljøet i Sogn og Fjordane vassregion. Sur nedbør er ein av dei viktigaste årsakene til at vassførekomst har god tilstand. Det er særleg den sørvestre delen av vassregionen som har påverknad frå sur nedbør (Ytre Sogn og Sunnfjord).

Det er berre kalking og internasjonale avtalar som er aktuelle tiltak når det gjeld forsura vassførekomst.

Det går fram av det regionale tiltaksprogrammet at kalking i den sørvestre delen av regionen er prioritert, for å sikre laks og anna biologisk mangfald.

**c) Departementet sine vurderingar og endringar**

I følgje Miljødirektoratet er det utvikla gode modellar for å berekne grad, omfang og utvikling av forsuring, basert på berekning av tilførsler til og grad av følsemd i dei einskilde områda. Miljødirektoratet foreslår difor at sentrale myndigheiter tek ansvar for at tolegrensemodellane blir nytta til å berekne påverking og tilstand for alle forsuringsområda i Sør-Noreg, basert på dei oppdaterte grenseverdiane for forsuring i den nye klassifiseringsrettleiaren. Dette vil

gjelde alle vassregionane i Sør-Noreg unnateke Møre og Romsdal og Trøndelag. På den måten vil det kunne rapporterast eit oppdatert forsuringssbilde for Noreg basert på dei nyaste tala for tilførsler og oppdaterte grenseverdiar for miljøtilstand.

Departementet går inn for at sentrale styresmakter, i tråd med Miljødirektoratets forslag, syter for å få gjennomført ei slik oppdatering av forsuringssbildet så snart som mogleg etter godkjenninga av vassforvaltingsplanane.

Departementet gjer ingen endringar i planen på området.

**d) Overordna overslag over samla kostnader som følgje av planen**

Det er foreløpig lite grunnlag for å vurdere samla kostnader som følgje av planen.

**e) Administrative konsekvensar**

Det er foreløpig lite grunnlag for å vurdere dei samla administrative konsekvensane ved planen.

#### **4. Økonomiske og administrative konsekvensar**

Forvaltningsplanen skal innehalde eit samandrag av den økonomiske analysen av vassbruk som det er krav om i vassforskrifta § 15 jf. vedlegg III, og skal mellom anna innehalde ei vurdering av den mest kostnadseffektive kombinasjonen av tiltak som skal inngå i overslag over potensielle kostnader i tiltaksprogrammet, jf. vassforskrifta § 25.

Forbetringane frå førre planperiode har vore mindre enn venta, og grunnlaget for å utføre dei økonomiske analysane har ikkje vore til stades. Dette skuldast delvis mangel på nasjonal rettleiing og verktøy på området, men òg at myndigheitene innanfor ein del sektorar ikkje har oppgjeve kostnader ved - og effektar av - tiltak. Nasjonale retningslinjer er i varierende grad følgd opp av dei ulike vassregionane. EU-kommisjonen har peikt på at dette generelt er dårleg skildra også i planane til medlemsstatane.

Det føreligg ikkje noko overslag over totale kostnader ved planen, eller ei vurdering av kostnadseffektiviteten av dei tiltaka som er føreslått. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vurdert at totale kostnader for problemkartlegging kan komme på 14 millionar kroner (11 millionar kroner for 5 vassdrag og 3 millionar kroner for kystvatn). Det kjem ikkje fram kor stor del av tiltaka dette utgjer. Det vil seie at det verken let seg gjere å vurdere kor stor del av tiltaka som er kostnadsvurdert, eller å gje eit overslag over totale kostnader. Kostnadene som er anslått er i liten grad kvalitetssikra og kan vere hefta med uvisse.

Ei vurdering av fordelingsverknader mellom sektorar kjem ikkje fram av planen. Sidan kostnader ikkje er spela inn av alle sektorane, let det seg ikkje gjere å vurdere dei samla økonomiske og administrative konsekvensane ved planen.

I sektormyndigheitene si sakshandsaming vil det bli gjort ytterlegare avklaringar og konkrete vurderingar av fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg avgjerd om eventuell

tiltaksgjennomføring blir teke. Det kan då vise seg at alternative tiltak er betre eigna til å oppnå miljømålet. Det kan òg vise seg at tiltak ikkje er eigna eller har for høg samfunnskostnad i forhold til samfunnsnyttan til å verte gjennomførde. Mangelfulle kostnadsvurderingar i dei regionale planane tilseier at det i ettertid, i den seinare sektorvise oppfølginga, òg kan vise seg at fleire av dei føreslåtte tiltaka ikkje er eigna til å nå miljømålet.

Vidare vil ein stor del av tiltaka uansett bli gjennomført som del av den ordinære vassforvaltninga i Noreg, uavhengig av vassdirektivet. Slike tiltak må sjåast som del av den ordinære forvaltninga og det vil ikkje vere rett å vurdere desse kostnadene som om dei blir utløyste av vassforvaltingsplanane åleine. Forslag til tiltak ut over det som er fastsett i eller i medhald av gjeldande lover og forskrifter, og vassregionane si påpeiking av manglande verkemiddel, er viktige innspel til sektormyndigheitene si vidare prioriteringar og vedtak om tiltak i planperioden. Som nemnt fører ikkje planane med seg absolutte forpliktingar av rettsleg art, og sektormyndigheitene pliktar ikkje å gjennomføre dei same tiltaka som står i tiltaksprogramma.

Planen føreslår ei rekkje tiltak der det er meldt behov for statleg finansiering. Prioritering og eventuell tildeling av ressursar blir vurdert gjennom dei årlege budsjettprosessane. Dette må sjåast i samanheng med dei respektive sektormyndigheitenes sakshandsaming og endelege avgjerd om tiltak.

### Vedtak

**I medhald av plan- og bygningslova § 8-4 jf. vassforskrifta § 29, godkjenner Klima- og miljødepartementet, i samsvar med endringane i vedlegg 1-3, regional plan for vassforvaltning i Sogn og Fjordane vassregion for planperioden 2016-2021 som er vedteken av fylkestinga.**

Med helsing

Vidar Helgesen

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikke håndskrevet signatur.*

Adresseliste

<b>Buskerud fylkeskommune</b>	<b>Fylkeshuset</b>	<b>3020</b>	<b>DRAMMEN</b>
Hordal			
and Postbo	5		
fylkesk	0	BER	
ommu	2	GEN	
ne	0		
Møre			
og	6		
Romsd	Fylkes	4	MO
al	huset	0	LDE
fylkesk		4	
ommu			
ne			
Opplan		2	LILL
d	Postbo	6	EHA
fylkesk	ks 988	2	MM
ommu		6	ER
ne			
Sogn			
og		6	
Fjorda	Asked	8	LEI
ne	alen 2	6	KAN
fylkesk		3	GER
ommu			
ne			

Kopi:

Akershus fylkeskommune	Postboks 1200	0107	OSLO
Akershus fylkeskommune	Postboks 1200	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Fylkeshuset	3020	DRAMMEN
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Finansdepartementet	Postboks 8008 Dep	0030	OSLO
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Fylkesmannen i Buskerud	Postboks 1604	3007	DRAMMEN
Fylkesmannen i Finnmark	Statens Hus	9815	VADSØ

Akershus fylkeskommune	Postboks 1200	0107	OSLO
Fylkesmannen i Hedmark	Postboks 4034, Statens Hus	2306	HAMAR
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Nordland	Moloveien 10	8002	BODØ
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Fylkesmannen i Oppland	Postboks 987	2626	LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Oslo og Akershus	Postboks 8111 Dep	0032	OSLO
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59, Statens Hus	4001	STAVANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Postboks 4710 Sluppen	7468	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Telemark	Postboks 2603	3702	SKIEN
Fylkesmannen i Troms	Postboks 6105	9291	TROMSØ
Fylkesmannen i Vestfold	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Fylkesmannen i Østfold	Postboks 325	1502	MOSS
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Hedmark fylkeskommune	Fylkeshuset	2325	HAMAR
Helse- og omsorgsdepartementet	Postboks 8011 Dep	0030	OSLO
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Jernbaneverket	Postboks 4350	2308	HAMAR
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0030	OSLO
Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 Dep	0033	OSLO
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Fylkeshuset	8048	BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Fylkets Hus	7735	STEINKJER
Norges geologiske undersøkelse	Postboks 6315 Sluppen	7491	TRONDHEIM
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0030	OSLO
Olje- og energidepartementet	Postboks 8148 Dep	0033	OSLO
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Samferdselsdepartementet	Postboks 8010 Dep	0030	OSLO
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER



Akershus fylkeskommune	Postboks 1200	0107	OSLO
Vegdirektoratet Statens vegvesen	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Fylkeshuset	3706	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Serviceboks 517	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Postboks 2163	3103	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG

# Vedlegg 1 – endringar på samferdselområdet

Departementet har i lista nedanfor oppgitt dei vassførekomstane som er negativt påverka av samferdselssektoren og som ved dette vedtak blir gitt utsett frist for å oppnå miljømål til 2027 etter vassforskrifta § 9 bokstav a.

Vassførekomst ID	Vassførekomst namn	Naturleg kSMVF/SM VF	Type påverknad	Grad påverknad	Økologisk tilstand / potensial	Økologisk miljømål 2021	Forslag til tiltak
02800219-00-C	Høyangsfjorden	Naturleg	Havneanlegg	Middels grad	Moderat	God tilstand	Problemkartlegging
Andre vassførekomstar der departementet fastset utsett tidsfrist til 2027 etter vassforskrifta § 9 bokstav a:							
082-190-R	Snekkevågelta	Naturleg	Fiskevandringshinder	Stor grad	Antatt moderat	God tilstand	Problemkartlegging
076-14-R	Fonndøla nedre	SMVF	Fiskevandringshinder	Middels grad	Moderat	Godt økologisk potensial	Problemkartlegging
082-12-R	Nitterelva	Naturleg	Fiskevandringshinder	Stor grad	Antatt moderat	God tilstand	Problemkartlegging
084-1734-2-L	Kjøsnesfjorden	<b>Udefinert</b>	Dumping/fylling av massar	Middels grad	Antatt moderat	<b>Udefinert</b>	Problemkartlegging

# Vedlegg 2 og 3 – endringar på vasskraftområdet

Departementet har i vedlegg 2 og 3 nedanfor ført opp dei vassførekomstane med miljømål som ved dette vedtaket er godkjende som høgare enn dagens tilstand og som treng nye tiltak som kan føre med seg tap av kraftproduksjon (vedlegg 2) og som kan føre med seg andre typar tiltak som kan påleggast vasskraftsektoren (vedlegg 3) for å oppfylle miljømålet. Listene gjev også godkjend bruk av tidsutsetjing. For andre vassførekomstar prega av vasskraftproduksjon kjem ikkje måloppnåinga an på nye tiltak og miljømålet vert med dette vedtaket endra til dagens tilstand.

## Vedlegg 2 - vassførekomstar med miljømål som kan føre med seg krafttap:

Vass- førekomst ID	Vassførekomst- namn	Naturleg /SMVF	Økologisk tilstand/ potensial	Miljømål	Frist for måloppnåing
072-100-R	Aurlandselvi/Va ssbygdelvi	SMVF	DØP	GØP	2027
072-101-R	Aurlandselvi, nedre	SMVF	MØP	GØP	2027
072-77-R	Midjeelvi	SMVF	MØP	GØP	2027
070-18-R	Vikja øvre/Mura,	SMVF	MØP	GØP	2027
070-20-R	Vikja, nedre del	SMVF	DØP	GØP	2027
070-66-R	Dalselvi til Framfjorden	SMVF	MØP	GØP	2027
070-73-R	Hopra til Vikøyri	SMVF	DØP	GØP	2027
073-75-R	Lærdalselvi nedre del (fra Stuvane)	SMVF	MØP	GØP	2033
084-26-R	Jølstra	SMVF	DØP	GØP	2033
076-48-R	Jostedøla nedre	SMVF	DØP	GØP	2033
084-3-R	Stongselva	SMVF	SDØP	GØP	2033
080-21-R	Bøelva	SMVF	SDØP	GØP	2033
080-149-R	Lølandselva	SMVF	SDØP	GØP	2033

Vedlegg 3 - vassførekomstar med miljømål som kan føre med seg andre typar tiltak som kan påleggast vasskraftsektoren:

Vassførekomst ID	Vassførekomstnamn	Naturleg /SMVF	Økologisk tilstand/ potensial	Miljømål
069-1449-L	Stølsvatnet	SMVF	MØP	GØP
069-1452-L	Myrestølsvatn	SMVF	MØP	GØP
069-1454-L	Fridalsvatn	SMVF	DØP	GØP
070-1463-L	Store Muravatnet	SMVF	MØP	GØP
070-1467-L	Årebotnvatnet	SMVF	MØP	GØP
071-27119-L	Jashaugvatnet	Naturleg	MØT	GØT
072-100-R	Aurlandselvi/ Vassbygdelvi	SMVF	DØP	GØP
072-101-R	Aurlandselvi nedre	SMVF	MØP	GØP
072-1503-L	Store Vargevatn	SMVF	MØP	GØP
072-1504-L	Viddalsvatn / Liverdalsvatn / Fretheimdalsvatn	SMVF	MØP	GØP
072-1506-L	Kreklevotni	SMVF	MØP	GØP
072-1517-L	Svartavatn	SMVF	MØP	GØP
072-1518-L	Nedre Millomvatn	SMVF	MØP	GØP
072-16070-L	Nedre Berdalsvatn	SMVF	MØP	GØP
072-28972-L	Langavatn Stonndøla / Adamsvatn	SMVF	MØP	GØP
072-3868-L	Katlavatn / Øykjabakkvatn / Storavatn	SMVF	MØP	GØP
072-89-R	Stonndalselvi	SMVF	MØP	GØP
072-92-R	Aurlandselvi	SMVF	MØP	GØP
073-15560-L	Mjåvatn	SMVF	MØP	GØP
073-1560-L	Eldrevatn / Tjørni	SMVF	MØP	GØP
073-15613-L	Nedre Bjordalsvatnet	SMVF	MØP	GØP
073-1563-L	Kvevotni / Flogrunnvotni	SMVF	MØP	GØP
073-76-R	Lærdalselvi	SMVF	MØP	GØP
073-99-R	Oddedøla	SMVF	MØP	GØP
074-1572-L	Torolmen	SMVF	MØP	GØP
074-1576-L	Heimre Krekavatnet (Krækjavatn)	SMVF	MØP	GØP
074-1578-L	Mannsbergvatn	SMVF	MØP	GØP
074-1583-L	Kyrkjevatn	SMVF	MØP	GØP
075-1588-L	Skålavatnet	SMVF	MØP	GØP
075-1594-L	Øvre Grønevatnet	SMVF	MØP	GØP
075-1595-L	Øvre Hervavatnet	SMVF	MØP	GØP
076-825-L	Tunsbergdalsvatnet	SMVF	MØP	GØP
078-27-R	Vetlefjordelvi	SMVF	MØP	GØP
079-1610-L	Stølsvatn	SMVF	MØP	GØP
080-1622-L	Fossvatn / Lonene	SMVF	MØP	GØP
080-1634-L	Blåvatn	SMVF	MØP	GØP
080-1636-L	Storevatn (vest)	SMVF	DØP	GØP
085-28288-L	Storevatnet	Naturleg	MØT	GØT

085-28290-L	Litlevatnet	Naturleg	DØT	GØT
085-31-R	Osenelva/Oselva	Naturleg	DØT	GØT
086-139-R	Bortneelva, nedre del	SMVF	MØP	GØP
086-159-R	Fessene/ Førdeelva/ Daleelva	SMVF	MØP	GØP
086-1774-L	Handklevatn	SMVF	MØP	GØP
086-1775-L	Svelgsvatnet	SMVF	MØP	GØP
086-1776-L	Sørdalsvatn	SMVF	MØP	GØP
086-1796-L	Hjelmevatn	SMVF	MØP	GØP
087-16-R	Storelva, Innvik	SMVF	MØP	GØP
088-40-R	Loenelva nedre del	Naturleg	DØT	GØT

**SMVF:** sterkt modifisert vassførekomst **GØT:** god økologisk tilstand **GØP:** godt økologisk potensial

**MØT:** moderat økologisk tilstand **MØP:** moderat økologisk potensial **DØT:** dårleg økologisk tilstand

**DØP:** dårleg økologisk potensial **SDØT:** svært dårleg økologisk tilstand **SDØP:** svært dårleg økologisk potensial